

MELAND KOMMUNE
POSTBOKS 79
5906 FREKHAUG

INNKOMMET
JOURNALNR: 11 133 561

21 MAR 2017
STATENS KARTVERK



Kartverket

Dykkar ref.:

Vår ref.: frehed
Sak/dok.: 10908025/

Dato:
06.01.2017

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 22 bnr. 218 i 1256 Meland kommune

Vi har vurdert melding om arealoverføring med tilhøyrande erklæring, fullmakta og erklæringa om unntak frå konsesjonsplikta de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

1. I følge matrikkellova §15 og matrikkelforskrifta § 33 må det arealet som skal bli overført være utan heftingar.

Pantefrafallet som er tinglyst på pantedokumentet på gnr. 22 bnr. 218 er ikkje i samsvar med arealet som skal bli overført i meldinga og erklæringa. Dette blir uklart og vi ber om at det er samsvar mellom dette.

2. Fullmakta de har sendt med kan ikkje bli godtatt slik ho er i dag. Nyttar de fullmakt, er hovudregelen at ho skal leggjast fram i original. Legg de likevel fram ein kopi, krev vi at ein advokat/advokatfullmektig eller ein eigedomsmeklar/eigedomsmeklarfullmektig stadfestar at det er ein rett kopi, og samtidig erklærer at fullmakta gjaldt då dokumentet som skal tinglysast vart signert. Kravet fylgjer av tinglysingsforskrifta § 7 andre ledd. Fråsegna må vera datert.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. På www.seeiendom.no er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing



Hedvig Fredriksen
saksbehandlar



Kartverket Tinglysing
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2691 - 17/4508

Saksbehandlar:
Per Atle Sæle
per.atle.sale@meland.kommune.no

17.03.2017

Tinglysing arealoverføring frå gnr 22 bnr 218 til bnr 250 - Ny innsending

Syner til Dykkar returbrev d. 06.01.2017.

Manglane som de peiker på i brevet, skal no vera retta opp og vi sender difor saka inn på nytt.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fullmakt
Tinglysing arealoverføring frå gnr 22 bnr 218 til bnr 250
22_250areal
Erkl_areal
Fullmakt
Unntak konsesjon 22-250